



Nhb Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4666 - 20/10602

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
26.02.2020

Forlenga mellombels bruksløyve - gbnr 24/4 og 154 Fammestad

Administrativt vedtak. Saknr: 222/20

Tiltakshavar: Nhb Vest AS
Ansvarleg søkjar: Nhb Vest AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tilkomstveg på gbnr gbnr 24/4 og 154 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: heile tilkomstvegen**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.08.2020.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.09.2017.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at tiltaket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Mindre endringar av vegen i forhold til gitt løyve samt asfaltering.
2. Kontrollmåling av veg.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket, tilkomstveg

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.08.2020.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.02.2020.

VURDERING

Kommunen legg mottaken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Mykingvegen
Tiltak:	Tilkomstveg innanfor reguleringsplanen Jydalen

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/4666

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mottakar:

Nhb Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ

